

REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET	
SAK NR 14/04774	DOK NR 3
- 1 OKT 2014	
ORG NR 980 212 785	ETE

Statuttar

For

LEGAT TIL HJELP FOR GAMLE OG UFØRE I TORPO SOKN

1. Dette legat er saemansett av 3 opphavelege legat/gåver:

Lysfondet åt Torpo sokn, gitt av Oslo Lysverker	kr. 24 629,-
Torpo Gamleheimsfond (innsamla midlar i Torpo)	kr. 71 358,-
<u>Fondet til de gamles forpleining, gitt av Svein Moen, Torpo</u>	kr. 11 846,-
Opprinneleg grunnkapital	kr. 107 000,-
Lagt til:	
Auke av grunnkapital i 1984 oppsparte midlar	kr. 250 000,-
Auke av grunnkapital i 1991 oppsparte midlar	kr. 200 000,-
<u>Sal av eigedomane Storedalhaugen og Storedalplassen i 2013</u>	<u>kr. 536 900,-</u>
<u>Total grunnkapital pr. 31.12.2013</u>	<u>kr. 1 093 900,-</u>

2. Grunnmidelen til legatet utgjer kr. 1 093 900,-.

Grunnmidelen skal vere plassert slik som til ei kvar tid fastsett for offentlege stiftingar og legat.

Dersom det nokon gong vert bygt fleire aldersbustader eller annan institusjon for gamle og uføre (aldersheim e.l.) i Torpo, skal inntil halvparten av grunnmidelen kunne nyttast til delvis finansiering av dette. Elles skal grunnmidelen alltid stå urørleg.

3. Ål kommune ved økonomiavdelinga fører rekneskapn for legatet, og revisjonen vert utført av Kommunerevisjon IKS.

Legatet er registrert i Stiftelsesregisteret og Brønnøysundregisteret.

4. Styret består av 5 personar, valde av Ål kommunestyre for valbolken. Minst 3 av styremedlemmene må vere frå Torpo.

Styret har full råderett over dei midlane som kvart år står til rådvelde for utdeling. Det skal likevel sendast melding til Ål formannskap om korleis midlane er disponert kvart år.

5. Den årlege avkastning (renter) skal disponerast slik:

Hjelp skal først og fremst ytast til trengjande gamle/sjuka/uføre som er busett innan Torpo sokn. Dette kan gjevast som rein pengestønad, eller på andre måtar som styret finn rettast, t.d. subsidiering av husleige, heimehjelp mv.

Midlar som ikkje vert nytta til desse føremål, kan nyttast til ymse velferdstiltak for gamle og uføre innan distriktet, t.d. turar, tilstellingar og andre ting som kjem desse grupper av folket til gode.

Det kan også nyttast til ymse fellestiltak for dei som er busett i eksisterande og evt. framtidige aldersbustader i Torpo, herunder utstyr og utsmykking av aldersbustadane, og då av slike ting som kommunen til vanleg ikkje pliktar å koste.

Jøen Medbrus
Sigrun Fjellstad
Vegdis Kvalne Gustavsen
Per Jøen Storkilen
Anne Torild Grøddum